

Saksbehandlar: Lena Merete Søderholm, Næringsavdelinga
Sak nr.: 14/4720-16

Tildeling av midlar frå Marint verdiskapingsfond 2014

Fylkesdirektøren rår hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

- 1 Hovudutval for plan og næring gjev fylkesdirektør for næring fullmakt til å fullføre dialog med følgjande søkjarar med tanke på å vidareutvikle prosjektplanane som låg til grunn for søknadane til fondet, og sette nærare kriterier for tildelinga:
 - a) Søkjar Nordfjord Laks AS v/Inge Kandal. Forprosjekt: Avlusingsmetode ved bruk av nye miljøvenlege kjemikalium.
 - b) Søkjar Hortimare AS v/Job Schipper. Prosjekt: Integrert akvakultur.
- 2 Hovudutval for plan og næring gjev fylkesdirektør for næring fullmakt til å disponere midlane i Marint Verdiskapingsfond Sogn og Fjordane i 2014 til delfinansiering av desse prosjekta:
 - a) Forprosjekt: Avlusingsmetode ved bruk av nye miljøvenlege kjemikalium med inntil kr. 460 000 som omsøkt
 - b) Prosjekt: Integrert akvakultur med inntil kr.600 000 som omsøkt
- 3 Ingen andre søkjarar får midlar frå fondet i 2014.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Vilkår for tildeling av midlar frå Marint Verdiskapingsfond Sogn og Fjordane
2. Søknadsmal 2014
3. Mal for evaluering av søknadar
4. Søknadar til fondet 2014

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Marint verdiskapingsfond Sogn og Fjordane har si tredje utlysing av midlar med søknadsfrist 1. oktober 2014. Det kom inn åtte søknadar; eitt forprosjekt og sju hovudprosjekt. Samla søknadssum til fondet er kr. 5,47 mill. Ei større gruppe har evaluert søknadane på grunnlag av fastsette kriterier og vilkåra for fondet.

To av søknadane er innstilt på avslag med hovudgrunngeving at dei ikkje fyller vikåra i fondet. Tre av søknadane er innstilte på avslag då dei overlappar med pågåande aktivitet, dei manglar forankring i næringa og delvis på grunnlag av mindre tilfredstillande kvalitet. Ein søknad vert føreslått å kople på pågåande aktivitet i AHA! (Arbeidsprogram for heilskapleg akvakulturforvaltning), og to søknadar vert innstilt på støtte dersom dei leverer inn forbetra prosjektplanar som vert godkjende av administrasjonen.

2. Bakgrunn for saka

Historikk - tidlegare vedtak

- Oppretting og kriterier for marint verdiskapingsfond i Sogn og Fjordane (sak 35/10 i hovudutval for plan og næring (HPN), FU sak 64/10, FT sak 32/10)
- Tildeling av midlar frå Marint verdiskapingsfond 2012 (HPN sak 34/12)
- Tildeling av midlar frå Marint verdiskapingsfond 2013 (HPN sak 17/13)

Grunnen for at saka er fremja

Marin verdiskapingsfond Sogn og Fjordane (MVF) vart etablert i 2010 på grunnlag av midlar frå konsesjonstildelinga for laks i 2009, og hadde si første tildeling i 2012. Det har sidan ikkje vore statlege overføringar til fylkeskommunen i høve konsesjonstildelingar. For «dei grønne» konsesjonane som vart lyst ut i 2013, vil ein del av betalinga gå til kommunen der konsesjonen er registrert.

Etter vilkåra i fondet skal det gjennomførast ei årleg tildeling av midlar frå fondet.

Oversyn over prosjekt som til no er finansiert av fondet:

2012

- 1 «Næring og naturressurser i samspill: Etablering av kunnskapsgrunnlag for bruk av sjøaure som indikator på en berekraftig oppdrettsnæring i Sogn 2012-2015» (KUSTUS). Kr. 3 mill.

2013

- 1 Forprosjekt: Dyrking av alger til konsum kr. 140 000
- 2 GyroLuS 2013-2015- Optimalisering av strategiar for å optimalisere infeksjonspress av lakselus på smolt frå den viktigaste laksebestanden i Sogn. (Vidareføring av KUSTUS frå 2012). kr. 350 000
- 3 Vandringsmønsteret til sjøaure frå Årdal og Fortun 2013-2015 - infeksjonspress frå lakselus. Kr. 500 000
- 4 "Slus" -Sognefjorden LakselUS. Evaluere effekt av lakselus på marin overleving hjå laksesmolt frå den viktigaste laksebestanden i Sogn-Lærdalselva. Kr. 150 000

Innkomne søknadar 2014

Tabell 2: Liste over søknader til marint verdiskapingsfond 2014

- 1 Luseregistrering på sjøørret utenom den perioden som den nasjonale luseregistreringen foregår
- 2 Forprosjekt- Avlusningsmetode ved bruk av nye miljøvenlege kjemikalium
- 3 Integrrert akvakultur
- 4 Etablering av kunnskapsgrunnlag for effektive tiltak knytt til spreiring av PD i sjø, fastsetting av produksjonssoner og branngater i Sogn og Fjordane
- 5 Evaluere effekt av lakselus på marin overleving hjå laksesmolt frå den viktigaste og største bestanden i Sogn - Lærdalselvi 2015-2017 (-2020)
- 6 Betydningen av fleiregongsgytarar for laksebestanden i Lærdalselva, auka robusthet mot lakselus og rolle i lusetransport til opne havområder 2015-2017

- 7 *Vandringsmønsteret til laksesmolt frå Lærdal og Aurlandselva i oppdrettsintensive områder sesongen 2014*
- 8 *Dykkergruppe i samband (mistanke om) rømming frå oppdrettsanlegg*

Skildring av prosedyre ved tildeling av midlar for 2014

Informasjon om tildeling av midlar frå fondet var lagt ut på fylkeskommunen si heimeside i august, og sendt som e-post til alle aktuelle FoU-miljø, kommunar og næringsaktørar. I tillegg var det i ei veke i august lagt ut annonse på Kyst.no, og annonse i eitt nummer av Norsk Fiskeopprett.

Søknadsfrist var 1. oktober og det kom inn åtte søknadar; eitt forprosjekt og sju hovudprosjekt. Samla søknadssum til fondet er kr. 5,47 mill.

Prosjektsøknadane vart sendt ut til programgruppa i AHA! og vurdert av representantar frå Mattilsynet, Høyanger kommune, akvakulturnæringa, Fylkesmannen si miljøvernavdeling og tre tilsette i fylkeskommunen. Det vart gjeve poeng til søknadane etter ein utsendt mal. I tillegg vart søknadane sendt til Innovasjon Norge som gjorde sine vurderingar og gav innspel.

31. oktober vart det gjennomført eit evalueringsmøte der ein gjekk igjennom søknadane og konkluderte på kva søknader som hadde ein slik kvalitet og eit slikt innhald at dei er interessante i høve til vilkåra som er sett for å motta støtte frå fondet.

Oversyn over midlar i Verdiskapingsfond Sogn og Fjordane (MVF SF)

Sum kr. overført frå staten i 2009	15 000 000	
av desse overført kr. til MVF SF	11 000 000	
tildelt ved utlysing i 2012		3 000 000
tildelt ved utlysing i 2013 ¹⁾		1 140 000
foreslått tildelt etter utlysing i 2014		1 060 000
<u>avsett i 2014 til prosjekt opparbeiding av marine grunnkart ²⁾</u>		<u>400 000</u>
<u>restsum etter utdeling i 2014 (med atterhald om vedtak på tildeling)</u>		<u>5 400 000</u>

- 1) Ved tildelinga i 2013 vart det gjort politisk vedtak om tildeling til i alt 6 prosjekt med samla støttesum kr. 2 340 000. NIVA var ansvarleg for fire av desse søknadene, og ulike omstende gjorde at ein søkjar trakk sin søknad etter tildeling og at NIVA ikkje starta opp eitt prosjekt. (Totalsum kr. 1,2 mill.).
- 2) I HPN sak 21/14 er det sett av 1,270 mill. kr til opparbeiding av marine grunnkart. Kr. 400 000 vert henta frå Marint verdiskapingsfond Sogn og Fjordane og kr. 870 000 frå restmidlar til regionalt plan og utviklingsarbeid.

3. Vurderingar og konsekvensar

Oppsummering og vurdering av søknadane

Søknad 1 Luseregistrering på sjørret utenom den perioden som den nasjonale luseregistreringen foregår

Søkjar: Sogn Villaksråd
 Totalsum: 570 000
 Lengde: 2 år
 Søknadssum: 150 000 (50 % off. finansiering)

Mål i prosjektet:

- Finne fram til og foreslå tiltak som betrar levetilstanda for sjøaure i den Nasjonale laksefjorden i Sogn, og der igjennom auke oppgangen av fisk i elvane og sikre ei berekraftig utvikling.
- Foreslå tiltak for å hindre at lakselus frå oppdrettsanlegg kommer på villfisk
- Sikre mogelegheiter og betre inntektsgrunnlaget til Sognebygdene med synergi til turisme.
- Den Nasjonale laksefjorden skal sluttevaluerast i 2017, kunnskapsgrunnlaget i forhold til denne evalueringa er mangelfull og kriteria for vurderinga synes lite presist avklart. For Sogn villaksråd er det viktig å finne fram til kunnskapsbaserte tiltak som er tenelege både for villfisken og akvakulturnæringa

Vurdering av søknaden:

Aktivitetane i prosjektet består i å supplere den nasjonale overvakinga av lakselus på villfisk i Sognefjorden, med rusefangst av aure og teljing av lus i månadane frå oktober til juni, på to lokalitetar. Det er ikkje sagt noko om korleis ein gjennom prosjektet vil nå målsetjingane som til dømes å foreslå tiltak som betrar levevilkåra for sjøaure og hindre at lakselus kommer på villfisk. Søknaden er difor vurdert til å ikkje fylle vilkåra i fondet, den er utan koplingar mot vidareutvikling av akvakulturnæringa. Prosjektet synleggjer ikkje at evalueringa av dei nasjonale laksefjordane har etterspurd, eller vil gjere seg nytte av resultat frå prosjektet. Søknaden fekk låg poengsum (296). Vi har tidlegare gjeve avslag på tilsvarande søknad til fylkeskommunen (regionale utviklingsmidlar) etter å ha spurt Havforskningsinstituttet i Bergen om fagleg råd.

Konklusjon: Søknaden får avslag

Søknad 2 Forprosjekt - Avlusningsmetode ved bruk av nye miljøvenlege kjemikalium

Søkjjar: Nordfjord Laks AS
 Totalsum: 1079 850
 Lengde: 1 år
 Søknadssum: 460 000 (42 % off. finansiering)

Mål i prosjektet:

- Utvikle ein heilt ny metode for behandling av lakselus med heilt nytt miljøvenleg kjemikalium, eventuelt i samvirke med anna også miljøvenleg eksisterande preparat som er registrert i Noreg for anna bruk
- Utvikle kompetansearbeidsplassar i akvakulturnæringa
- Resultata kan potensielt bidra til at lakseoppdrett oppfyller miljømål og let seg gjennomføre når det gjeld det tronge målauge som går på miljøomsyn, villfisk og samla fiskevelferd.
- Prosjektet vil utvikle nytt verkestoff og nye måtar for handsaming av lakselusinfeksjon. Prosjektet er utvikla ved ei av oppdrettsverksemdene i Sogn og Fjordane, og vert styrt frå denne verksemda.
- Prosjektet kan gje eit nytt behandlingssmiddel mot lakselus som skåner miljøet og tek omsyn til dyre velferd. Prosjektet vil gje auka kompetanse ved Nordfjord Laks AS, og stø opp under arbeidet med å skape kompetanseplasser i Nordfjord.

Vurdering av søknaden:

Søknaden treff særst godt med vilkåra til fondet. Søknaden gir ein god oversikt over hovudaktivitetar, men er noko tynn i forhold til detaljert beskriving av gjennomføring av prosjektet. Søknaden fekk høgast poengsum (411 poeng).

Konklusjon: HPN gir administrasjonen fullmakt til å innhente utfyllande opplysningar og til å finansiere prosjektet med inntil kr. 460 000 som omsøkt.

Søknad 3 Integrrert akvakultur

Søkjar: Hortimare AS
 Totalsum: 1 250 000
 Lengde: 2 år
 Søknadssum: 600 000 (48 % off. finansiering)

Mål i prosjektet:

- Tilby og kunne nyttegjere seg av eit fullskala anlegg for kommersiell tare dyrking, der mekanisert utsett og hausting er ivareteke.
- Tare dyrking vil gje ein meirverdi for lakseprodusentar, samstundes som det vil gje tilgang på ei verdifull råvare. Dette er ressursutnytting, miljøtiltak og næringsutvikling. Teknologien for dyrking kan i seg sjølv representere ei kommersiell interesse ved sal av utstyr og maskin.
- Resultata av det konkrete prosjektet kan bli avgjerande for utviklinga til integrrert akvakultur-konseptet, og med dette utvikling av kommersiell tare dyrking i Noreg. I sin tur vil dette gje ein reell miljøgevinst, og samfunnsgevinst gjennom framveksten av ei ny primærnærings langs kysten.
- Det konkrete produktet frå dette prosjektet vil bli eit fullskala, kommersielt brukande tare dyrkingsanlegg basert på erfaringar frå tidlegare prosjekt, deriblant EU-prosjekt.
- Anlegget vil vere tilpassa konseptet for integrrert akvakultur, tilføre nye kjelder til protein i for, og norske klimatiske tilhøve. Det er avgjerande at produktet svarar til krav og standardar, som NS 9415.

Vurdering av søknaden:

Søknaden er interessant, og kan bidra til å vidareutvikle dyrking av tare til ei næring i Sogn og Fjordane. Søknaden er konkret i forhold til aktiviteter i prosjektperioden, men vi saknar ei utdjuing av kva som er piloten i dette prosjektet, kvifor vil ein dyrke nettopp desse algane, kva vil produktet bli, og korleis skal det handterast/nyttast. Vidare òg korleis resultata frå prosjektet skal formidlast og takast i bruk for også andre aktørar innan oppdrett av makroalgar. Søknaden fekk moderat poengsum (350).

Konklusjon: HPN gir administrasjonen fullmakt til å innhente utfyllande opplysningar og til å eventuelt finansiere prosjektet med inntil kr. 600 000 som omsøkt.

Søknad 4 Etablering av kunnskapsgrunnlag for effektive tiltak knytt til spreining av PD i sjø, fastsetting av produksjonssoner og branngater i Sogn og Fjordane

Søkjar: INAQ på vegne av konsortium
 Totalsum: 3 435 000
 Lengde: 2 år
 Søknadssum: 1 775 000 (52 % off. finansiering)

Mål i prosjektet:

- Simulert straumfelt og spreining av passive tracers/partikler for januar og august i Sunnfjord, Nordfjord og Sogn.
- Tabell som viser "vasskontaktnettverk" mellom lokalitetane for ein periode over 10 dagar for ulike vasslag for januar og august med ulikt vindpådrag og ferskvass-avrenning.
- Soner for ulike grader av vasskontakt mellom alle lokalitetane.

- Smittemessige vurderingar omkring PD-historikken i Sogn (slik som er gjort i Sunnfjord og Nordfjord)
- Kunnskap for å vurdere aktuelle branngater og produksjonssoner i Sunnfjord og Nordfjord gjennom bruk av eksisterande modelloppsett.
- Diskusjon av resultat med oppdrettsaktørar og implementering av resultat inn i Fylkesatlas.

Vurdering av søknaden:

Søknaden har stor likskap med søknad som fekk stønad, men ikkje vart starta opp i 2013. Den gongen sto NIVA som søkjar, noko som styrka søknaden i 2013, medan det no er ein privat konsulent som står som søkjar. Slik vi ser det, er søknaden ikkje godt nok forankra i næringa. Vi er usikre på om det står eit etablert konsortium bak søknaden, då ikkje alle som står nemnd i konsortiet har høyrte om initiativet. Mattilsynet kunne vore ein viktig part i dette prosjektet, men er ikkje involvert. Største anken mot søknaden er likevel at det ikkje er nokon som er bestillar av denne kunnskapen, og målgruppa er såleis ikkje definert. Det er heller ikkje synleggjort kven som skal gjere seg nytte av data som kjem fram. I prosjektet bør kapital frå deltakarane vere tydeleg, men denne er stort sett i form av eigeninnsats som vil vere vanskeleg å dokumentere. Noko usikkerheit om korleis vi skal tolke budsjett og finansieringsplan. Innhaldet i prosjektet er ikkje godt forklart, og spørsmåla vi sitt att med er til forveksling like dei som tidlegare år har vore stilt til same søkjar (som då var tilsett i NIVA). Vi er noko usikre på søkjar sin gjennomføringsevne etter erfaringar frå tidlegare år. Søknaden fekk moderat poengsum (349 poeng).

Konklusjon: Søknaden får avslag

Søknad 5 Evaluere effekt av lakselus på marin overleving hjå laksesmolt frå den viktigaste og største bestanden i Sogn - Lærdalselvi 2015-2017 (-2020)

Søkjar: Ljøsne klekkeri AS og INAQ som FoU-partnar
 Totalsum: 2 995 000
 Lengde: 3 år
 Søknadssum: 897 000 (31 % off. finansiering)

Mål i prosjektet:

Evaluere effekt av påverknad av lakselus på marin overleving hjå laksesmolt frå den viktigaste og største laksebestanden i Sogn, Lærdalselvi, gjennom perioden 2015-2017

Vurdering av søknaden:

Søknaden er nær identisk med prosjektet Slus som vart finansiert i 2013 for perioden 2013-2015, og som ennå ikkje er avslutta. Omsøkte prosjekt må sjåast på som ei vidareføring av det pågåande prosjektet, men dette er ikkje synleggjort i søknaden. Det er heller ikkje forklart kvifor ein vil halde fram med måleseriane frå det pågåande prosjekt. Er det svakheiter ved dette som gjer at ein ikkje finn gode nok svar på problemstillingane LSus skulle svare på? Måla for prosjektet er litt uklåre, og det kjem ikkje fram kven som skal nytte informasjonen som prosjektet kan gje. Vi vil avvente resultatata frå det pågåande prosjektet Slus før vi vil vurdere vidareføring. Prosjektet fekk låg poengsum (302 poeng) ved evalueringa.

Konklusjon: Søknaden får avslag

Søknad 6 Betydningen av fleirgongsgytarar for laksebestanden i Lærdalselva, auka robusthet mot lakselus og rolle i lusetransport til opne havområder 2015-2017

Søkjar: INAQ AS
 Totalsum: 2 420 000
 Lengde: nær 3 år
 Søknadssum: 1 200 000 (50 % off. finansiering)

Mål i prosjektet:

- Framskaffe data frå Sognefjorden for å lage ein modell for utvandringstidspunkt – og djup som kan nyttast i risikovurderingar for til dømes spreining av *G. salaris* med vinterstøingar og risiko for lakseluspåslag.
- Fremskaffe data på vinteroverlevelse hos gytelaks i Lærdalselva etter mal frå undersøkingar på 60 og 70 talet og derigjennom beskrive situasjonen i dag.
- Framskaffe data som kan nyttast til å beskrive dei ytre miljøfaktorane (daglengd, temperatur og vassføring) sin innverknad på utvandring av laksestøingar.
- Framskaffe data på sjøoverleving og tilbakevandringssadferd hjå fleirgongs-gytande laks i Noreg sin største fjord.
- Talfeste sjansen for at fisk som vert sett ut kan kome tilbake som trofefisk i seinare sesongar?

Vurdering av søknaden:

Søknaden er vurdert til å ikkje fylle vilkåra i fondet, då vi ser dette som eit villaksprosjekt med svake koplingar mot vidareutvikling av akvakulturnæringa. Kunnskapen prosjektet legg opp til å samle, er elles nyttig og interessant om ein får forankra prosjektet hjå elveeigarane og andre som kan ta kunnskapen i bruk. (poeng 339)

Konklusjon: Søknaden får avslag

Søknad 7 Vandringmønsteret til laksesmolt frå Lærdal og Aurlandselva i oppdrettsintensive områder sesongen 2014

Søkjar: INAQ AS
 Totalsum: 472 000
 Lengde: 3 mnd.
 Søknadssum: 270 000 (57 % off. finansiering)

Mål i prosjektet:

- Kartlegge utvandringstidspunkt, og miljøvariablar som styrer dette, til laksesmolt frå Lærdalselva og Aurlandselva sesongen 2014.
- Innhente kunnskap om marin åtferd hjå laksesmolt frå Lærdalselvi og Aurlandselva i forhold til risiko for infeksjon av lakselus.
- Etablere kunnskap om når det bør være minimalt med infektive lakseluslarvar i ytre deler av Sognefjorden med tanke på å redusere negative effektar på laksesmolt frå to av dei viktigaste lakseelvane i regionen.
- Hente ut relevante datasett frå grunnlagsaktivitet som allereie er finansiert opp frå Østfold Energi AS, E-Co Energi AS og Osland Havbruk AS.

Vurdering av søknaden:

Uklart kven som er målgruppe for prosjektet, - og såleis kven som vil kunne nytte resultatane. Aktørar med størst interesse av prosjektresultata bør ha eigarskapen til prosjektet, men her er det konsulenten som er eigar. Kunn kapital frå fondet, alt anna er eigeninnsats som vil vere vanskeleg å dokumentere. For stor del offentlig finansiering (>50 %). Prosjektet synast nær innhaldet i GyroLus – eit prosjekt som vart finansiert av fondet i 2013. Søkjar har ikkje godtgjort korleis desse prosjekta overlappar eller skal tilpassast kvarandre. Dette er fase II av eit prosjekt finansiert av

Østfold Energi, Osland havbruk og E-CO Energi AS. Disse bør også vere aktuelle til å finansiere den omsøkte andre-fasen. Søknaden fekk låg poengsum (325).

Konklusjon: Søknaden får avslag

Søknad 8 Dykkergruppe i samband (mistanke om) rømming frå oppdrettsanlegg

Søkjar: Sogn Villaksråd
 Totalsum: 237 100
 Lengde: 1 år
 Søknadssum: 118 000 (50 % off. finansiering)

Mål i prosjektet:

- Etablere dykkargruppe for registrering av rømt oppdrettsfisk i vassdrag i Sogn. Bygge kompetanse på å skilje mellom villfisk og oppdrettsfisk ved gytefiskteljing. Uttak av oppdrettsfisk i vassdrag. Samarbeid med akvakulturnæringa om varsling og tiltak ved rømming.
- Målet er å etablere team i dei fleste kommunar frå Høyanger og innover til Årdal. Det vert to dykkarar i kvar kommune. Oppdrag utføres etter anrop frå oppdrettsnæringa, forvaltninga eller eventuelt andre
- Tiltaket vil bidra til at akvakulturnæringa får tilgang på ein ressurs som bidreg til å registrere og med det avgrense skade ved rømming. Reduksjon av skade ved rømming er eit viktig bidrag til berekraftig utvikling av næringa.
- Auka samarbeid og openheit om rømming samt tilbakemeldingar til oppdrettsnæringa vil bidra til ein meir effektiv registrering og med det kunne sette inn dei riktige tiltaka på eit tidleg tidspunkt. Vidare kontrollere effekt av tiltak.
- Gjennom etablering av dykkargruppe for registrering av rømt oppdrettsfisk, fangst av oppdrettslaks, gytefiskregistrering og teljing av fisk i vassdrag vil ein kunne bygge kompetanse i fleire vassdrag / kommunar som kan dele kunnskap og erfaringar. Dette vil auke tilgang på kompetent personell til å skilje ut rømt oppdrettslaks frå villfisk for forvaltninga og oppdrettsnæringa.

Vurdering av søknaden:

Søknaden er konkret og interessant i høve til pågåande arbeidsprogram for heilskapleg akvakulturforvaltning (AHA!) der vi mellom anna arbeider med tiltak som for å etablere betre rutinar for varsling og handtering av rømming. Søknaden og prosjektet er ikkje treffande til vilkåra i fondet. Vi vurderer tiltaket til å passe betre inn i AHA! Tiltaka og aktiviteten som er omtalt i søknaden vil då kunne settast inn i ein breiare samanheng og med betre forankring. Det er allereie sett ned ei prosjektgruppe i AHA! som vil arbeide vidare som vil kople aktiviteten i det omsøkte prosjektet opp til AHA! Søknaden fekk låg poengsum (294).

Konklusjon: Søknaden får avslag, men søkerar vert kontakta for vidare med Arbeidsprogram for heilskapleg akvakulturforvaltning (AHA).

4. Konklusjon

To av søknadane (søknad 1 og 6) er innstilt på avslag med hovudgrunngeving at dei ikkje fyller vikåra i fondet.

Tre av søknadane (søknad 4, 5 og 7) er innstilte på avslag då dei overlappar med pågåande aktivitet i prosjekt som tidlegare er finansiert gjennom fondet. Dei manglar i stor grad forankring i næringa og det er ingen bestillar eller mottakar av kunnskapen som prosjekta skal levere. I tillegg har søknadane mindre tilfredstillande kvalitet med

feil eller uklårheit i budsjett og finansieringsplan og der ein etter gjennomlesing sitt att med mange spørsmål om prosjektet.

Søknad 8 vert føreslått å kople på pågåande aktivitet i AHA! (Arbeidsprogram for heilskapleg akvakulturforvaltning) der ein allereie arbeider med tilsvarande problemstillingar og prosjektet kan få ei god forankring.

To søknadar (søknad 2 og 3) vert innstilt på støtte på vilkår om at dei leverer inn forbetra prosjektplanar, og desse vert godkjende av administrasjonen.